



Cirkus Arnardo, som er trufast gjest hos oss, skal mellom anna berømmast for miljøomsyn. Dei fjernar plakatane så snart dei har reist til neste spelestad.

Så når det framleis heng sirkusplakatar på stolpar rundt i bygda er det ikkje Arnardo som har ansvaret.

Det er Cirkus Zorba som har gløymt å ta ned att plakatane etterat dei var på Husnes måndag 19.juli, altså for tre veker sidan.

Sirkuset skryt på plakatane til og med av at dei er landets beste sirkus.

Det kan ikkje vi uttale oss om, men det gjeld i alle fall ikkje best på miljøfronten!

(Foto: Ola Matti Mathisen)